

**SAK 20/14 TILSKOT TIL FESTFØRESTILLINGA I SAMBAND MED OPNINGA
SOKNA – ØREGNVIKA****Saksopplysning**

27.juni skjer den offisielle opninga av vegstrekninga Sokna – Ørgenvika, ein stor dag for Hallingdal. Statens vegvesen skal ha si offisielle opning og markering ved Ørgenvika.

Regionrådet for Hallingdal ynskjer i tillegg å arrangere ei festførestelling i Bjørneparken på Flå, i etterkant av den offisielle opninga. Dette er utan tvil ein av dei største festdagen for Hallingdal dette 10-året og bør markerast på ein skikkeleg måte. Vedlegg 1 gjev eit kort historisk attendeblick over viktige hendingar og nokre synspunkt på føresetnadar som har vore avgjerande for at vegen no kan opnast.

Festførestellinga skal ha eit ledig og variert program der noko av temaet skal vera 25 min. nærare by'n 25, min. nærare fjellet og 25 min. kortare aust – vest. Førestillinga er tenkt å ha gratis inngang og vil skje i amfiet i Bjørneparken i tidsrommet 15:00 - 17:00. Me har på plass skissa til eit variert og fyldig program og målet er å fylle amfiet, 1400 stk.

Realiseringa av Sokna – Ørgenvika har vore eit samlande tiltak for Hallingdal, der næringslivet og det offentlege har arbeidd svært godt saman. Engasjementet frå næringslivet har vore både i form av verbal støtte og engasjement og økonomisk bidrag til m.a. Noresund sentrum. Her vart det nytta 15 mill. kroner frå reiselivsnæringa sin pott, av kompensasjonsmidlar i forhold til redusert arbeidsgjevaravgift.

I tillegg til sjølve festførestillinga vil Regionrådet invitere ca. 100 personar til ei enkel servering i Jakt- og fiskesenteret etter førestillinga.

Budsjett

Honorar artistar	kr. 160.000
Lyd, rigg	kr. 50.000
Servering	<u>kr. 40.000</u>
Sum	<u>kr. 200.000</u>

Vurdering

Opninga av vegstrekninga Sokna – Ørgenvika, fortener utan tvil ei markering. 25 min. nærare by'n 25 min. nærare fjellet og 25 min. kortare aust – vest, har mykje å seie for innbyggjarar, næringsliv og dei som besøker oss. Mange har vore direkte involvert i arbeidet for realisering av dette vegprosjektet og «heile» Hallingdal har heia. Ut frå den aktive rolla Hallingdal har hatt for realisering av nyvegen er det og naturleg at Hallingdal invitera til fest.

Forslag til vedtak

Regionrådet for Hallingdal løyver kr. 200.000 til festførestelling i samband med opning av Sokna – Ørgenvika. Midlane blir teke frå Strategisk plan for Hallingdal.

Ål 19.5.2014

Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar

Vedlegg: Sokna – Ørgenvika, historikk

SOKNA - ØRGENVIKA, LITT HISTORIKK

Milepelar:

- 1939-1940; Dei fyrste planane vart utarbeida
- 1970-talet; Hovudplan for alternativ over Uggenflaket til Ørgenvika og gjennom Brekkebygda med tunnel gjennom Haverstingen.
- 5.april 1974; Vegstrekninga med tunnel gjennom Haverstingen vart godkjent av Vegdirektoratet
- Vegen vart foreslått finansiert med bompengar
- 1975; Detaljplanlegging starta
- 1976 (?); Bompengeselskapet A/L Vegfinans vart stifta i, primært som eit bompengeselskap for Sokna - Ørgenvika.
- 29.7.1977; Parsellen Breivassdammen – Haverstingen - Ørgenvika vart godkjent av Vegdirektoratet.
- 6.12.1977; Prosjektet Sokna - Ørgenvika vart vedteke i Stortinget.
- 1979; Parsellen Sokna-Breivassdammen vart planlagt som detaljplan, men vart i ikkje akseptert av Ringerike kommune. Innvendinga var mangelfull sikring av kommunalt vassverk og omsynet til dyrka mark. Samstundes vart prosjektet vurdert på nytt som bompengprosjekt. Trafikktala synte at det kunne vera vanskeleg å betala vegen med bompeng, og prosjektet vart lagt på is.
- Utover på 1980-talet skjedde det svært lite eller ingenting.
- 16.3.1989 handsama Regionplanrådet saka om Sokna-Ørgenvika, med bakgrunn i brev frå ordførar Bjørn Lien i Flå. Dette var starten på ein ny runde.
- 1990; Utarbeiding av ny hovudplan for delparsellen Sokna - Breivassdammen.
- 1992; Statens vegvesen Buskerud sette i gang arbeidet for å få gjennomført ei konsekvensutgreiing (KU), som no hadde vorte eit krav.
- 30.9.1998; Høyringsfrist i samband med konsekvensutgreiinga.
- 24.6.1999; Konsekvensutgreiinga vart oversendt Vegdirektoratet for godkjenning.
- 23.12.1999; Etter nye 6 mnd. blir det i brev frå Vegdirektoratet bedt om tilleggsutgreiingar og oppdatering av tidlegare vurderingar.
- Mars/april 2002; Tilleggsutgreiingar vart integrert i opphavleg KU, og lagt ut på ny høyring.
- Vinter 2002; Eit sterkare engasjement frå Buskerud fylkeskommune
- September/oktober 2003; Tilleggsutgreiinga som også inkluderte konsekvensutgreiing for utbetring av eksisterande veg, vart lagt ut til offentlig ettersyn.
- 21.11.2003; KU med tilleggsutgreiing vart godkjent i Vegdirektoratet.
- 9.12.2003; Stortinget handsamar budsjett samferdsel og vedtek m.a. stamveg Hønefoss – Borlaug (Rv7/Rv52) frå 1.1.2004.
- Avtale om bruk av næringsretta utviklingsmidlar (15. mill. frå reiselivsnæringa i Hallingdal) Noresund sentrum.
- 2004; I samband med siste runde av konsekvensutgreiing vart også kommunedelplan handsama, og vart vedtek i Ringerike og Krødsherad kommune.
- 2005; Statens vegvesen starta arbeidet med forslag til reguleringsplan.
- 2006; Nytt bompengeselskap stifta, Hallingporten vegfinans AS.
- 13.12.2007; Krødsherad kommunestyre vedtok reguleringsplanen for Sokna – Ørgenvika.
- 31.1.2008; Ringerike kommunestyre skal handsame reguleringsplan, ein plan som ein samstemt hovudkomite for miljø og areal gjekk inn for i møte 14.1.2008.
- 24.4.2009; Møte Hallingdal, Bfk, Svv,. Med bakgrunn i forslag til NTP 2010 – 2019 vil byggestart SØ ikkje skje tidlegast i 2013. Møte drøfta aktuelle løysingar for forsert framdrift. Forslag: Fylkeskommunen stiller garanti (selvskyldnergaranti). Buskerud fylkeskommune overtek alle aksjane i Hallingporten vegfinans.
- 11.6.2009; Stortinget handsamar Nasjonal Transportplan 2010 – 2019, innkortinga Sokna - Ørgenvika er inne med 100 mill kr i perioden 2010 - 2013 og 600 mill kr i perioden 2014 – 2019.

- 22.10.2009; Buskerud fylkeskommune (fylkestinget) vedtek å garantere for eit lån på 1.500 millionar kroner til bygging av ny Rv7 mellom Sokna og Ørgenvika. Med dette er målsetting byggestart 2011.
- Vinter/vår 2010: Ekstern kvalitetssikring (KS1) og utkast st.prop.
- 25.6.2010, Finansiering og utbygging av Sokna – Ørgenvika, Prop. 157 S (2009–2010). Tilråding frå Samferdselsdepartementet og godkjend i statsråd same dagen.
- 28.10.2010, Finansiering og utbygging av rv 7 på strekninga Sokna – Ørgenvika, handsama i Stortinget.

Viktige offisielle milepelar:

- 16.3.1989 handsama Regionplanrådet saka om Sokna-Ørgenvika, med bakgrunn i brev frå ordførar Bjørn Lien i Flå. Dette var starten på ein ny runde.
- 1992; Statens vegvesen Buskerud sette i gang arbeidet for å få gjennomført ei konsekvensutgreiing (KU), som no hadde vorte eit krav.
- Vinter 2002; Eit sterkare engasjement frå Buskerud fylkeskommune
- 21.11.2003; KU med tilleggsutgreiing vart godkjent i Vegdirektoratet.
- 9.12.2003; Stortinget handsamar budsjett samferdsel og vedtek m.a. stamveg Hønefoss – Borlaug (Rv7/Rv52) frå 1.1.2004.
- Avtale om bruk av næringsretta utviklingmidlar (15. mill. frå reiselivsnæringa i Hallingdal) Noresund sentrum.
- 2004; I samband med siste runde av konsekvensutgreiing vart også kommunedelplan handsama, og vart vedtek i Ringerike og Krødsherad kommune.
- 24.4.2009; Møte Hallingdal, Bfk, Svv., Med bakgrunn i forslag til NTP 2010 – 2019 vil byggestart SØ ikkje skje tidlegast i 2013. Møte drøfta aktuelle løysingar for forsert framdrift. Forslag: Fylkeskommunen stiller garanti (selvskyldnergaranti). Buskerud fylkeskommune overtek alle aksjane i Hallingporten vegfinans.
- 11.6.2009; Stortinget handsamar Nasjonal Transportplan 2010 – 2019, innkortinga Sokna - Ørgenvika er inne med 100 mill kr i perioden 2010 - 2013 og 600 mill kr i perioden 2014 – 2019.
- 22.10.2009; Buskerud fylkeskommune (fylkestinget) vedtek å garantere for eit lån på 1.500 millionar kroner til bygging av ny Rv7 mellom Sokna og Ørgenvika. Med dette er målsetting byggestart 2011.
- 25.6.2010, Finansiering og utbygging av Sokna – Ørgenvika, Prop. 157 S (2009–2010). Tilråding frå Samferdselsdepartementet og godkjend i statsråd same dagen.

I samband med Sokna – Ørgenvika er det etter mitt syn nokre føresetnadar som har vore avgjerande for at bygging no er i gang, og med planlagt opning ca. 1.7.2014:

- At Regionrådet for Hallingdal har sett av ressursar for å kunne arbeide med prosjektet
- At næringslivet og kommunane i Hallingdal har vore tydelege og stått samla
- At me har fått støtte frå Hardanger, Bergen, Hordaland
- At RV7 fekk stamvegstatus. Hadde ikkje det skjedd hadde me framleis vore inne i ei svært trong ramme i forhold til fylke sine midlar.
- At næringslivet/reiselivet i Hallingdal engasjerte seg, ikkje minst i forhold til investering i Noresund
- At me fekk med Krødsherad kommune
- At Buskerud fylkeskommune etter kvart synte eit sterkare engasjement og vart ein pådrivar
- At Hallingdølen har vore ein aktiv ”pådrivar”
- At Statens vegvesen ”har levert” den siste tida
- At buskerudpolitikarar lokalt, regionalt og sentralt har vore pådrivarar.
- At prosjektet etter kvart vart eit prioritert prosjekt både i regjering og storting.

Knut Arne Gurigard